



NVE
Pb 5091 MAJORSTUEN

0301 OSLO

Jondal kommune
5627 JONDAL
Tlf. 53 66 95 00
Faks 53 66 95 10
e-post post@jondal.kommune.no
www.jondal.kommune.no
Org.nr 944 439 927
Bank 3450.07.08206
Sakshandsamar:
E-post jon.larsgard@jondal.kommune.no
Tlf. 53 66 95 02

Dykkar ref.
201107294-9 m.fl.

Vår ref.
13/218-17 /JOL/13/2705

Arkiv:
N-654.3

Dato
17.07.2013

Høyringsfråsegn – Småkraftverk i Jondal , Kvinnherad og Ullensvang.

Viser til høyringsbrev som gjeld småkraftverk i Jondal, Kvinnherad og Ullensvang kommunar datert 11.04.2013.

Høyringsfristen var opphavleg sett til 15.07.2013, men etter avtale fekk Jondal kommune utsetting til 17.07.2013.

Formannskapet i Jondal kommune handsama saka 17.07.2013 og fatta følgjande vedtak som er Jondal kommune si høyringsfråsegn:

FS-020/13 VEDTAK:

Formannskapet i Jondal tilrår konsesjon som omsøkt for bygging av 7 kraftverk på vilkår av at:

- 1. Det vert før utbygging laga ein avtale for vassforsyninga i anleggsperioden i Brattabøelvi, Grimeelvi, Tveddal og Breisete der det er vassverk knytt til elvane.*
- 2. Ved Breisete kraftverk, Brattabøelvi, Krossdalselvi og Vassendeelvi kraftverk er det hytter og bustader i nærleiken. Det må setjast krav om støyskjerming.*
- 3. Det vert sett som vilkår at Jondal kommune ikkje vert pålagd ekstra utgifter som følge av utbyggingane.*
- 4. Det vert lagt fram plan som viser korleis anleggsdrifta er tenkt gjennomført i høve til skånsemd overfor naturen, estetikk og kulturlandskapet i områda som vert råka.*
- 5. I Vassendelvi og Grimeelvi bør setjast krav om høgare minstevassføring enn omsøkt.*
- 6. Regulering av Vassendevatnet fører til store negative konsekvensar for friluft og ferdsel og skal ikkje tillatast.*

7. *Som ein del av konsesjonsvilkåra vert det teke høgde for korrigerande/avbøtande tiltak etter at anleggsdrifta er gjennomført, dersom det viser seg at tiltaket likevel vil få merkbart uheldige konsekvensar for det biologiske mangfaldet langs elvane.*
8. *Det må vurderast korleis ein gjennom tiltaka kan bidra til å fremja friluftsliv i områda som vert omfatta av utbygging.*
9. *Vegen frå Fylkesveg 105 til den felles kraftstasjon for Krossdal og Vassendelvi må rustast opp til å tåle 10 tonn akseltrykk.*
10. *Frårår utbygging alternativ 1 i Tveddal for å ta vare på stølsmiljøet.*
11. *Det bør ikkje lagast permanent veg til inntaket på Breisete kraftverk.*
12. *Inntaket i Krossdalselvi ved Lauvbrua bør få ei plassering og utforming av inntaket som ikkje må føra med seg auka grunnvasstand, auka fare for flaum eller ha andre negative verknader for landbruket.*
13. *Sævarhagen kraftverk må sikra oppgangssaga nok vatn til drift og utvikling.*
14. *Høyringsfristen har vore kort og lagt til ei tid som vanskeleggjer politisk handsaming. Dersom nye opplysningar kjem fram i tida fram til, eller under synfaringa, ynskjer Jondal kommune å koma med utfyllande uttale på dette tidspunktet.*

Med helsing



Jon Larsgard
ordfører



SAKSGANG			
Utval	Møtedato	Saksnr. i utval	
Formannskapet	17.07.2013	020/13	
Saksbeh:	Saka vert avgjort av:	Arkiv:	Arkivsaknr.
Karin Thauland	Formannskapet	N-654.3	13/218

Høyringsuttale til NVE om småkraftverk i Jondal – Samlesak for 13 konsesjonssøknader i Jondal, Kvinnherad og Ullensvang.

Dokument i saka:

Dok.nr.	T	Dok.dato	Namn	Tittel
4	I	11.04.2013	NVE	Høyringskart Kvinnherad.
3	I	11.04.2013	NVE	Høyringskart for Jondal og Ullensvang.
2	I	11.04.2013	NVE	KUNNGJERING.
1	I	11.04.2013	NVE	Småkraftverk i Jondal , Kvinnherad og Ullensvang.
5	I	19.04.2013	Fylkesmannen i Hordaland	Spørsmål og svar vedkomande habilitet for rådmann og ordførar i høyringssaka.
14	I	30.05.2013	Advokatfirmaet Lund & Co DA	Stadfesting av oppdrag.

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Saka vert handsama etter vassressurslova

www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vannkraft/

Fylkesdelplan for små vassverk: www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Naring/naringsutvikling/Energinaringar/Energi/Fylkesdelplan-for-sma-vasskraftverk/

Kommuneplan for Jondal kommune 2012 –2022 Arealdelen

Kommunedelplan for kulturminne, Jondal kommune (2009–2020)

Saksopplysningar:

Rådmann i Jondal kommune er blant søkerane. Jondal kommune har bedt Kvinnherad kommune om å utarbeide saksutgreiing i denne saka. Denne avgjerda er gjort i samråd med juridisk avdeling hjå Fylkesmannen i Hordaland.

Søknad om konsesjon

Frå NVE har kommunen fått konsesjonssøknad for bygging av sju småkraftverk i Jondal til uttale. Kommunen skal særskild vurdere utbyggingsplanane i høve til kommuneplanar og elles gje eit kort framstilling av lokale interesser knytt til prosjektet. NVE ønskjer ei samla vurdering. Høyringsfristen er sett til 15.juli 2013.

Konsesjonen fell vekk dersom ikkje arbeidet er satt i gang innan 5 år frå konsesjonsdato og fullført innan ytterlegare 5 år i følge § 19 i vassressurslova og § 12 i vassdragsreguleringslova.

Om dei sju søknadene:


1. Alle ligg i LNF (Landbruk-, Natur og Friluftsområde) i vedteken kommuneplan 19.12. 2012.
2. Sævarhagen kraftverk og Grimiøvi kraftverk ligg i delområde 5-9 Samlafjorden i Fylkesdelplan for små vasskraftverk. Dei andre ligg i delområde 10 Strandebarm – Jondal. Fylkesdelplan er vedteken i Fylkestinget i 2009, men ikkje godkjend i departementet enno.
3. Vassdraga ligg ikkje inne i Samla Plan for vassdrag, men har tidlegare vore vurderte.
4. Vassdraga er ikkje omfatta av verneplan for vassdrag eller andre verneplaner.
5. Det er ikkje oppgang av laks og sjøaure i nokon av elvane bortsett frå ei strekning på omlag 60 meter i Herand (Sævarhagen kraftverk)
6. Det vert i følge søknaden generelt må konsekvensar ved eventuelle dambrot/brot på trykkrøyr, med unntak nemnd under omtalen av Vassendøvi og Krossdalsøvi.
7. Potensialet for kraftutbygging i Jondal i følge NVE 230,5 GWh fordelt på 52 anlegg. Dei omsøkte tiltaka utgjer ei samla utbygging på 83,5 GWh
Kraftproduksjon i Jondal kommune i 2011 er 37 GWh, og forbruket er 20 GWh.
8. Hardanger Energi AS har områdekonsesjon for distribusjonsnettet for alle dei omsøkte konsesjonane.
9. Naturinngrepa vert omfattande i anleggsperioden.
10. Det er planlagt minstevassføring i alle søknadene

Kraftutbygging i Jondal og Ullensvang kommuner, Hordaland fylke

1:100 000



- Intak
- Under konsjesjonshandling
- Available
- Gitt konsjesjon
- Byggt
- Vurdert konsjesjonsplan
- Eksisterende vannvei
- Omsøkt vannvei
- Konsjesjonsplan vannvei



Opplysningar gjeve i søknadene:

Omsøkt prosjekt	Grimeelvi kraftverk	Sævar – Hagen kraftverk	Vassendelva kraftverk	Krossdalselvi kraftverk	Brattabø - elvi kraftverk	Tveddal kraftverk (alt i parentes)	Breisete kraftverk SUS
Søkjar	Hardanger Alliansen v/Kraftkarane AS	NK Småkraft AS	Blåfall AS	Blåfall AS (alt felles kraft verk med Vassendelva i parentes)	Blåfall AS	Tveddal kraftverk SUS, v/Kraftkarane AS	KraftKarane AS
Årsproduksjon GWh	5,2	13,3	6,8	19,8(20,21)	12,4 GWh	17,1(15,6)	8,9
Fall i m	320	73,5	274	154(159)	265	159(142)	174
Vassinntak kote	550	75,5	440	325	605	430	612
Minstevassføring Sommar l/s	18	624	50	350	230	400	280
Vinter/resten av året	17	208	0	70	20	60	30
Middelvassføring l/s	311	3620	397	2642	840	2300	1001
Lågvassføring l/s	18	270	55	213	37	0,10	45
Røyrgate m	800 m og nedgrave/bore hol	700	2510	580(700)	2400 og nedgrave	1700(1350) nedgrave	1100 og nedgrave
Regulering /oppdemt vassvolum mill. m3	Nei	Nei	5,6(1m)	Nei	Nei	Ikkje planlagt regulering, men oppdemt volum på 1000 i elva.. Ikkje heva over flomvass-stand	Magasinvolum 0,075 Mill m3 0,5 m regulering av Nipevatn
Trong for nye permanente vegar	To alternativ	20 m veg til kraftstasjon	Skal vesentleg nytte eksisterande veg/skogsveg	150 (50)m til kraftstasjon og 220 m til tunnell-påhogget.	Skal nytte gamal anleggsveg	200 m	250 m til kraftstasjon pluss bru og 1100 m til inntak.
Fallrettshavarar	6	11	14	9 + 8 kraftline/kabel	5	12	15
Nettilknytning		150 m jordkab. til høgspeint	Jordkabel. Må rustast opp.	Jordkabel og eksisterande stolper. Kapasitet ok	Jordkabel	Hardanger Energi Må forsterkast	Jordkabel evt komb luft/jord
Trong for massedeponi			Begrensa	Ja	Nei	Nei	Nei
Utbyggingskost. Mill kr	19,7	45,7	23	51,6	38,0	43,5(41,0)	26,6
Utbyggingskost kr/GWh	3.81(4,89)	3,4	3,59(3,30,om det vert felles kr.st med Krossdalselvi)	2,60	3,10	2,50(2,60)	3,0
Forventa eigedomsskatt 7 promille av faktisk utbyggingskost.	137.900	319.900	161.000	361.200	266.000	304.500	186.200

Verknad for miljø, naturressursar og samfunn opplyst i søknadene

(med unntak av punktet om Vasskvalitet, vassforsyning og resipientinteresser, kjelde: Jondal kommune)

Kraftverk	Grimeelvi	Sævarhagen	Vassendelva	Krossdalselvi	Brattabøelvi	Tveddal	Breisete
Raudlister	Middels til stor negativ Skorpefiltlav og alm	Alm og ask. Hekkar fossefall? Avbøtande Hekkekasser	Bare negativt i anleggsfasen for fugler. ask	Ask, strandsnipe	Ubetydeleg	Nei Kan være fossefall	Nei
Landbruk		Lite påverka. – liten positiv verknad	Liten positiv. Noko dyrka mark og skog går med.	Liten til middels negativ	Middels positiv.		Lite påverka
Landskap / Inngrepsfrie områder INON*	Middels negativt. Bekkekløft og bergvegg. Ikkje reduksjon INON.	Nei	. Liten til middels negativ. Området er definert som INON sjølv om det er utbygd.	Liten til middels neg. Ikkje inngrep INON	Liten/middels neg. Ikkje inngrep INON	Er eksisterande krafttrase. Marginal.	Røyrkata vil følgje eksisterande kraftline. Minimal reduksjon av INON
Kulturminner og kulturmiljø	Ubetydeleg	Verneverdige sagmurer og oppgangssag nær stasjon.	Liten negativ. Klebersteinsbrot vert ikkje råka.	Liten til middels neg. Redusert vassføring neg for miljø rundt 2 kvernhus. Kan være ikkje-synlege kulturminner	Berører ikkje kulturminner	Stølsområde Tveddal nasjonal verdi	Setergrend i nærleiken, vert ikkje direkte berørt.
Brukarinteresser/ Friluftsliv	Lite brukt, men to stier krysser elva	Lite brukt i dag. Det skal lagst sti oppå turbinøyret	Liten negativ. Populært turområde rundt vatnet.	Liten neg	Ikkje neg kons.	Fossane friluftsområde. Hytter	Hytter i nærleiken av både kraftstasjon og inntak
Fiske og vilt. Fauna	Lite fugl, lite fisk. Ikkje gyteområde. Lite negativ på akvatisk miljø.	Ikkje oppgangsmoglegheiter for laks. Dårligare tilhøve for ørret.	Det er begrensa med fisk i dag.	Ørret. Minstevassføringa er tilstrekkeleg for at brukbar bestand vert oppretthalde.	Er småfallen ørret og ikkje anadrom fisk.	Ørret. Fisk vil kunne vandre i flomperiode	Bestand av ørret. Utbygging vil ikkje skape problem for fisk
Biologisk Mangfald/ verneinteresser		Lite/ikkje noko+	Liten negativ	Liten til middels neg	Liten/middels neg		Liten negativ konsekvens.
Vasskvalitet, vassforsyning og resipientinteresser Oppl. Frå Jondal kommune	Påverkar vass-forsyninga til Herand Vassverk				Påverkar vass-forsyninga til Øvre Krossdalen Vassverk	Påverkar vass-forsyninga til Jondal kommune sitt vassverk	Påverkar vass-forsyninga til Jondal kommune sitt vassverk

INON (Inngrepsfrie naturområde) er definert som område som ligg meir enn 1 km i luftline frå tyngre tekniske inngrep. INON-områda er delt i soner basert på avstand til næraste inngrep:

- Villmarksprega område: > 5 km frå tyngre tekniske inngrep
- Inngrepsfri sone 1: 3–5 km frå tyngre tekniske inngrep
- Inngrepsfri sone 2: 1–3 km frå tyngre tekniske inngrep

På landsbasis var det i 2008 11,7 % villmarksprega område

Samfunnsmessige positive verknader av kraftutbygginga vert:

- styrking av næringsgrunnlaget for grunneigarane
- oppdrag til lokale bedrifter og arbeid i anleggsfasen
- Arbeidsplassar i driftsfase
- Skatteinntekter til det offentlege.
- Sikra leveringstryggleik for straum
- Reduserte klimagassutslepp

Vurdering:

1 KONSESJONSSØKNAD FRÅ GRIMEELVI KRAFTVERK – HARDANGERALLIANSEN

HardangerAlliansen v/ Kraftkarane AS samarbeid med fallrettseigarane ønskjer å utnytte fallet i Grimeelvi til eit elvakraftverk. Planlagt produksjon 5,1 GWh.

Grimeelvi er sideelv til Storelvi.

Det er framlagt to alternativer. I alternativ 2 er vassvegen planlagt som ein kombinasjon av borehol og nedgrave røyrgate. Dette alternativet har mindre negativ effekt for landskap, skog og planter. Vi meiner likevel at alternativ 1 kan vera forsvarleg dersom ein tek omsyn under utbygging. Det er tidlegare bygd skogsveg i området.

Føremon ved utbygging vert mellom anna at skogsbilvegen i nedre del vert utbetra. Grimi ligg i same vassdrag som tidlegare omsøkte Herand kraftverk i Storelvi og Sævarhagen.

Negativ verknad på raudlisteartar kan reduserast med avbøtande tiltak.

Turstiar kryssar elva nær inntaket, men utbygginga vil ikkje få negative effekt. Det er ikkje andre interesser som vert råka.

Det bør setjast krav om større minstevassføring enn 18 l/s om sommaren. Røyrgatetraseen vert synleg frå fjorden.

Vassinntak i Storelvi for Herand Vassverk ligg lenger nede i elva, slik at ein må gjennomføre avbøtande tiltak i anleggsperioden for å sikre vassforsyninga.

2 KONSESJONSSØKNAD FRÅ SÆVARHAGEN KRAFTVERK – NK SMÅKRAFT AS

Grunneigarar og NK Småkraft ønskjer å utnytte det nedste fallet mellom Herandsvatnet og Storelvi.

Planlagt produksjon 13,3 GWh

27 % av Storelvi naturlege nedbørsfelt er tidlegare overført til Jukla og Mauranger kraftverk.

Området er prega av utnytting av vasskrafta på ulike måtar opp gjennom tidene. Det har vore kraftproduksjon i elva tidlegare. Inntaket vert plassert på same plassen som det

eksisterande inntaket. Utbyggjar vil restaurere den gamle stasjonen for å syne kraftproduksjon i ny og gamal tid. Vasskraft frå elva vert og nytta til kvernhus og sagbruk som det har vore gjort i fleire hundre år. Kraftstasjon vert bygd nær gamle murar etter eit eldre sagbruk. Det må takast omsyn til dette under bygginga. Det må og takast omsyn til det nyrestaurerte kvernhuset under bygging av røyrtrase.

Sævarebrua er ein gamal steinbru mura i tørrmur i følgje Kulturminneplan for Jondal 2009–2020. Den er truleg ikkje bygd for å tåla vekta av store anleggmaskiner, og må takast omsyn til.

Området ligg innanfor Herand Landsskapsark, som har eit prislønna kulturlandskap: Suksessen byggjer på kombinasjonen mellom å bruka og å ta vare på

Oppgangssaga frå siste del av 1600– talet ligg nedanfor kraftstasjon på andre sida av elva. Det må setjast vilkår om at oppgangssaga for nok vatn til skjering. Utbyggjar bør inngå avtale med Herand aktiesagbruk. Kraftstasjonen kan eventuelt flyttast for å imøtekoma dette behovet.

Vi føresett at dei privatrettslege tilhøva er avklara før konsesjon vert gitt.

Smoltanlegg ved sjøen får vatn frå Herandsvatnet. Drifta av kraftverket er planlagt slik at smoltanlegget til ein kvar tid skal få nok vatn. Dei ønskjer å kjøpe rimeleg kraft etter utbygging.

I arealplan er det avsett areal til utviding av settefiskanlegget. Ein må ta høgde for utvida produksjon når det gjeld anlegget si trong for vatn.

Anlegget vil synast frå sjøen.

Det er viktig å lydisolere med omsyn til bustadhus i nærleiken.

3 KONSESJONSSØKNAD FRÅ VASSENDELVI KRAFTVERK – BLÅFALL AS

Blåfall AS i samarbeid med fallrettseigarane ønskjer å utnytte vassfallet i Vassendelva. Planlagt produksjon 6,8 GWh

Blåfall AS er en industriell utbygger av småkraft. Vassendelva kraftverk vil bli oppretta dersom det vert bygging. Etter leigeperioden overtek grunneigarane.

Vassendvatnet har vore regulert mellom 2002 og fram til 2012 , gjennom ein avtale med alle grunneigarane i området og Jondal Energi(no Hardanger Energi AS). Avtalen vart oppsagt i 2012.

Vi forutsett at dei privatrettslege tilhøva kring reguleringa er avklara før konsesjon vert gitt. Konsesjonen må innehalda reguleringsvilkår som gjer at Vassendevatnet nærast vert upåverka i sommarmånadene. Beredskapsmessig kan ei regulering vera positivt for forsyningstryggleiken i kommunen.

Søknaden manglar i ei visualisering ved regulering av vatnet.

Den eksisterande inntaksdammen skal bestå, og i tillegg skal det byggjast en inntakskonstruksjon med stengeanordning.

Det er planlagt felles kraftstasjon med Krossdalselvi dersom det vert gitt konsesjon til dette verket og.

Kvernhus og sag på Plasset kjem ikkje i konflikt med røyrgatetraseen. Det har tidlegare vore ei mindre regulering i Vassendevatnet for å sikra sagbruket vatn til drifta då dette var aktuelt.

Eksisterande kraftverk i same vassdrag: Haugafossen kraftverk, Stølsdalselva og Eidesfossen kraftverk.

Avbøtande tiltak for støy naudsynt.

Dersom det vert brot på trykkrøyet, kan det kome skade på nokre bygningar..

Kommunen vil peike på at vegen frå Fylkesveg 105 til kraftstasjon må rustast opp til å tåle eit akseltrykk på 10 tonn.

Det er godkjend eit hyttefelt med 20 tomter i reguleringsplan i området.

4 KONSESJONSSØKNAD FRÅ KROSSDALSELVI KRAFTVERK – BLÅFALL AS

Blåfall AS i samarbeid med fallrettseigarane ønskjer å utnytte deler av fallet i Krossdalselvi. Planlagt produksjon 19,8 GWh

Det er to eksisterande kraftverk i same vassdraget: Eidesfossen og Haugafossen. Sideelva Stølsdalselva lenger nede i vassdraget vart utbygd i 2009. I tillegg er det utbyggingar i fjellet. Det omsøkte anlegget vil utnytte restvassføringa.

Det er planlagt felles kraftstasjon med Vassendelva. Dersom konsesjon vert gitt, vert selskapet Krossdalselvi Kraftverk AS oppretta. Grunneigarane overtek etter leigeperioden er over.

Vegen til sommarskiseret går gjennom Krossdalen. Vert ikkje påverka på anna vis enn at inntaksdammen vil synast frå vegen.

På 1980-talet senka NVE elva under ei førebygging. Dette førte med seg senka grunnvasstand og ga positive verknader for jordbruksarealet. Ei plassering og utforming av inntaket som omsøkt ovanfor Lauvbrufossen må ikkje føra med seg auka grunnvasstand, auka fare for flaum eller ha andre negative verknader for landbruket.

Noko dyrka mark går med til inntak og kraftstasjon, o g den reduserte vassføring kan føre til mindre sjølgjerding.

Minstevassføring skal gje nok vatn til drift av kvernhusa som står i området, i tilfellet dei ønskjer å nytta vatn i framtida.

Dersom det vert brot på trykkkrøyet, kan medføre skader på skog og bygningar på Molve.

Kommunen vil peike på at vegen frå Fylkesveg 105 til kraftstasjon må rustast opp til å tåle eit aksestrykk på 10 tonn.

Deler av nedbørsfeltet i hovedvassdraget er ført vekk i samband med Jukla og Mauranger kraftverk. Statkraft sine planar for utnytting av vatnet i dette området, kan påverka restvassføringa i Krossdalselvi

5 KONSESJONSSØKNAD FRÅ BRATTABØELVI KRAFTVERK –BLÅFALL AS

Blåfall AS i samarbeid med fallrettseigarane ønskjer å utnytte deler av fallet i Brattabøelva. Planlagt produksjon 12,4 GWh.

Sjøelve kraftstasjon er planlagt på dyrka jord avsett til LNF i kommuneplan. Øvre Krossdalen vassverk har inntak, så avbøtande tiltak vert nødvendig i anleggsperioden.

Støyskjerming er naudsynt grunna bustadhus i nærleiken.

Området er nytta til friluftsliv, men utbygginga vil få små negative konsekvensar for dette.

Det eit privat vassverk i elva. Det bør vurderast om inntaket bør flyttast ut av området med jordbruksdrift i samband med utbygginga, og etablering av midlertidig vassforsyning i anleggsperioden.

6 KONSESJONSSØKNAD FRÅ TVEDDAL KRAFTVERK – TVEDDAL KRAFTVERK SUS

Vedal kraftverk SUS c/o KraftKarane AS i samarbeid med fallrettseigarane å utnytte deler av fallet i Stølsdalselva.

Planlagt produksjon 17,1 GWh. Alternativ utbygging gir planlagt produksjon på 15,6 GWh

Det er eit eksisterande anlegg i same vassdrag: Stølsdalselva .

Planlagt framtidig eigarfordeling: 60 % eigd av grunneigar. Det er 12 grunneigarar der kommunen er ein av dei.

Stasjonsområde for alternativ 1 ligg ved stølsvollen på Tveddalsstølen. I følgje Jondal kommune sin kommuneplan er stølsmiljøet synt som omsynssoner for kulturmiljø og naturmiljø. I følgje kulturminneplan, deler av stølsdalen eit særmerkt kulturlandskap, der Tveddal utmerkar seg. Stølsvegen er verneverdig . Det vart bygd ny veg i samband med utbygginga av Stølsdalselva. Den gamle vegen til Tveddal er urørt.

Vi meiner utbyggingsalternativ 2 bør føretrekkast med kraftstasjon på kote 288 m. Alternativ 1 er planlagt på kote 271. Kraftverket vert då mindre synleg, og elva renn urørt gjennom det opne landskapet rundt Tveddalsstølen.

Det er planlagt ein dam på 2 m nedanfor Breisete stølen. Det vert litt heving av vasstand, men vil ikkje få særlege konsekvensar.

Jondal vassverk har inntak lenger nede. 600–800 personer får vatn frå dette vassverket. Avbøtande tiltak og sikker vassforsyning i anleggsperioden er eit krav. Før anleggsarbeidet startar opp må det inngåast avtale om vassforsyninga i anleggsperioden.

7 KONSESJONSSØKNAD FRÅ BREISETE KRAFTVERK– BREISETE KRAFTVERK SUS

Breisete kraftverk SUS samarbeid med fallrettseigarane ønskjer å utnytte deler av fallet i Stølsdalselva.

Planlagt produksjon 8,9 GWh.

Nipevannselva er sideelv til Stølsdalselva. Det er naturlege svingingar i Nipevann, så utbygginga medfører ikkje endring i vasstand.

Stølsdalselva kraftverk AS kom i drift i 2009. Planane den gong var å bygge Tveddal og Breisete som neste trinn. Grunneigarane skal seinare eige 60 % av aksjane. Kommunen er medeigar.

Fallrettseigarane er grunneigarar langs elva, medan skog og beiterettar er delt med fleire.

Kraftverket vert plassert nær hytter og stolar – ein må skjerme for støy. Positive konsekvensar av utbygginga vert opprusting og utviding av vegen mellom Tveddal og Breisete.

Stølsdalselva vert nytta som drikkevatn lenger ned. Dette må takast omsyn til i anleggsperioden, slik det er omtala under Tveddal Kraftverk.

Av positive konsekvensar kan nemnast straumtilknytning til hyttene, og at det vert lettare tilkomst til beite med utbetra veg.

Det må vera tilkomst med bilveg til Breisete heile anleggsperioden.

Elva fungera i dag som sjølgjerde for småfe. Det bør setjast inn avbøtande tiltak for å vege opp mot redusert sjølgjering.

Det er planlagt permanent veg til inntaket. Det er etter vårt syn ikkje naudsynt med permanent veg. Det bør setjast krav om revegetasjon.

I følge Jondal kommune sin kommuneplan er stølsmiljøet synt som omsynssoner for kulturmiljø.

Veg til Tveddal er verneverdig i følge kulturminneplan 2009 – 2020. Vegen frå Tveddal til Breisete vart bygd i 30 – åra. Ein bør ta vare på deler av vegen.

VURDERING AV SUMVERKNADANE AV SØKNADANE.

Det er i dag 5 småkraftverk i drift i Jondal kommune. To av desse er eldre anlegg som er eigd av Hardanger Energi AS (frå 1916 og 1954) medan dei tre andre er nyare småkraftverk som er bygd i perioden 2007 – 2009. To andre har fått konsesjon for utbygging, og eit av desse er klar for produksjon i løpet av 2013. Herand kraft AS har i tillegg søknad inne til konsesjonshandsaming i OED som eigen sak. Dei sju søknadene i denne samlesøknaden vil såleis utgjera ein betydeleg auke i småkraftproduksjonen i kommunen, men og som naturinngrep i vassdraga. Etter NVE sine vurderingar av potensialet for småkraftutbyggingar i Jondal, vil ein stor del av effekten vera utbygd med desse søknadene, medan i tal kraftverk er potensialet langt frå nådd. Dette betyr at det er dei største, og gjerne mest lønsame prosjekta som vert utbygd først. Tabellen under syner deltaljane i denne framstillinga:

	"Gamle" kraftverk	Konsesjonsgjevne		Denne søknaden	Andre søknader	Berekna potensiale *)
		Utbygd	Ikkje utbygd			
GWh	13,6	40,9	63	83,5	79	230,5
MW	4,2	13,75	15,75	26,2	25	56,9
	2	3	3	7	1	52

*) NVE sine tal, ikkje oppdatert for grensejusteringa med Kvinnherad

For Jondal kommune er situasjonen at vi over lang tid har hatt nedgang i folketalet. Frå Hordaland i tal nr 1/2013 er desse tala henta.

	Tal innbyggjarar			Endring 1993-2013	
	1993	2003	2013		%
Jondal	1247	1071	1046	-201	-19,2
Hardanger	25247	23713	22990	-2257	-9,8
Hordaland	413526	441660	498135	84609	17,0

Dette syner at Jondal har hatt ein nedgang i folketalet dei siste 20-åra som er av dei største i fylket.

Men kommunen har og store naturressurser. Vi ønskjer styrkja busetting og utnytting av ressursene for å skapa/ta vare på levedyktige lokalsamfunn. Småkraftutbygging kan vera eit element i ei slik satsing ved at:

- Det er grunneigarane sjølve i lag med eit samarbeidande selskap selskap som ønskjer utbygging i alle søknadene. Alle har ein planlagd utbyggingskostnad på under kr 3.80. som reknast for å være godt under grensa for kva som reknast som økonomisk forsvarleg. At søknadane i tillegg kjem på eit tidspunkt som gjer det mogeleg å koma innunder ordninga med grøne sertifikat, gjer dei og vesentleg meir økonomisk robuste.
- Dei samfunnsmessige verknadene for Jondal er i hovudsak positive. Det er med på å styrka næringsgrunnlaget for fallrettseigarane som i stor grad er lokale, og ved at utbyggingane kan gje oppdrag til lokal bedrifter i anleggsperioden. Det gjev og mogelegheit til fornying /opprusting av ulik infrastruktur som vegbygging og vassforsyning. Vidare får kommunen tilført inntekter, hovudsakleg gjennom eigedomsskatt, og til ein viss grad sikra leveringstryggleik av straum. For samfunnet elles bidreg det til auka produksjonen av fornybar kraft og med det mogelegheiter for reduserte klimagassutslepp.

- Enkeltvis er ingen av prosjekta spesielt kontroversielle i høve til dei tema som søknadane inneheld, og heller ikkje om ein samanliknar med prosjekt som alt har fått konsesjon. Det vert i stor grad bestemmande for korleis ein vurderar sumverknadane
- Kommunen sine erfaringar frå småkraftutbygging så langt, er i hovudsak gode. Det er i utbyggingsfasen det kan oppstå konflikthar, medan dei ferdig utbygde anlegga er relativt konflikthfrie. Ulemper i høve til ferdsel og friluftsliv, vassdrag som landskapselement vert reduserte i form av avbøtande tiltak som minstevassføring, og tilrettelegging av ulik infrastruktur og utforming av sjølve anlegga. I mange høve kan dei verta dei oppfatta som ein attraksjon i seg sjølv.

Vi meiner difor etter ei samla vurdering at alle søknadane bør kunne få konsesjon fordi fordelane er større enn ulempene frå Jondal kommune sin synstad, med dei tilpassingar ein foreslår under omtala av dei einskilde anlegga.

TILRÅDING FRÅ ORDFØRAR:

Formannskapet i Jondal tilrår konsesjon som omsøkt for bygging av 7 kraftverk på vilkår av at:

- 1. Det vert før utbygging laga ein avtale for vassforsyninga i anleggsperioden i Brattabøelvi, Grimeelvi, Tveddal og Breisete der det er vassverk knytt til elvane.*
- 2. Ved Breisete kraftverk, Brattabøelvi, Krossdalselvi og Vassendeelvi kraftverk er det hytter og bustader i nærleiken. Det må setjast krav om støyskjerming.*
- 3. Det vert sett som vilkår at Jondal kommune ikkje vert pålagd ekstra utgifter som følgje av utbyggingane.*
- 4. Det vert lagt fram plan som viser korleis anleggsdrifta er tenkt gjennomført i høve til skånsemd overfor naturen, estetikk og kulturlandskapet i områda som vert råka.*
- 5. I Vassendelvi og Grimeelvi bør setjast krav om høgare minstevassføring enn omsøkt.*
- 6. Som ein del av konsesjonsvilkåra vert det teke høgde for korrigerande/avbøtande tiltak etter at anleggsdrifta er gjennomført, dersom det viser seg at tiltaket likevel vil få merkbarh uheldige konsekvensar for det biologiske mangfaldet langs elvane.*
- 7. Det må vurderast korleis ein gjennom tiltaka kan bidra til å fremja friluftsliv i områda som vert omfatta av utbygging.*
- 8. Vegen frå Fylkesveg 105 til den felles kraftstasjon for Krossdal og Vassendelvi må rustast opp til å tåle 10 tonn akseltrykk.*
- 9. Utbyggingsalternativ 2 er å føretrekkje i Tveddal for å ta vare på stølsmiljøet.*
- 10. Det bør ikkje lagast permanent veg til inntaket på Breisete kraftverk.*

11. Inntaket i Krossdalselvi ved Lauvbrua bør få ei plassering og utforming av inntaket som ikkje må føra med seg auka grunnvasstand, auka fare for flaum eller ha andre negative verknader for landbruket

12. Høyringsfristen har vore kort og lagt til ei tid som vanskeleggjer politisk handsaming. Dersom nye opplysningar kjem fram i tida fram til, eller under synfaringa, ynskjer Jondal kommune å koma med utfyllande uttale på dette tidspunktet.

Jon Larsgard
ordfører

17.07.2013 Formannskapet

Angunn Handegard Trå ba om vurdering av sin habilitet i saka og informerte om bakgrunnen for . Formannskapet vedtok samrøystes at ho var habil. Angunn Handegard Trå tok sjølv ikkje del i vurderinga og røystinga.

Framlegg frå Anna Skogseth Gagnon, Ap:

Nytt pkt 13.

Sævarhagen kraftverk må sikra oppgangssaga nok vatn til drift og utvikling.

Framlegg frå Svein Johan Bakke, Krf:

1. Jondal kommune frårår utbygging av alle omsøkte prosjekt i Herand. Bygging av Grimeelvi kraftverk må vurderast saman med planar for Herand kraftverk og Sævarhagen kraftverk. Samla verknader på landskap og opplevingsverdiar må vektleggjast.
2. Jondal kommune ber NVE vurdere nøye om Krossdalselva bør sparast for inngrep.
3. Jondal kommune frårår utbygging av Vassendeelva ut frå omsyn til friluftsliv og landskap.
4. Jondal kommune vil på det sterkaste gå i mot bygging av Breisete kraftverk og frårår bygging av Tveddal kraftverk. Det må gjerast ei samla vurdering av omfanget av inngrep i vassdraget ut frå omsynet til landskap, friluftsliv og opplevingsverdi.

Framlegg frå Per Gunnar Hammer, H:

1. Pkt. 1 i ordføraren si tilråding: "før utbygging" vert erstatta med "før det vert gjeve konsesjon).
2. Pkt 9 i ordføraren si tilråding: Frårår utbygging alternativ 1 i Tveddal for å ta vare på stølsmiljøet.
3. Nytt pkt. Regulering av Vassendevatnet fører til store negative konsekvensar for friluft og ferdsel og skal ikkje tillatast.

Røysting:

Framlegget frå Svein Johan Bakke fekk 1 røyst (1 Krf) og fall.
Tilrådinga frå ordføraren pkt. 1 vart vedtek med 5 røyster, framlegget frå Per Gunnar Hammer pkt 1 fekk 2 røyster (1 H, 1 Ap) og fall.
Tilrådinga frå ordføraren pkt. 2 vart samrøystes vedteke.
Tilrådinga frå ordføraren pkt. 3 vart samrøystes vedteke.
Tilrådinga frå ordføraren pkt. 4 vart samrøystes vedteke.
Tilrådinga frå ordføraren pkt. 5 vart vedteke med 6 røyster, 1 røysta mot (1Krf).
Framlegget frå Per Gunnar Hammer pkt 3 vart samrøystes vedteke. (nytt pkt 6)
Tilrådinga frå ordføraren pkt 6 vart samrøystes vedteke (nytt pkt 7).
Tilrådinga frå ordføraren pkt. 7 vart samrøystes vedteke (nytt pkt 8).
Tilrådinga frå ordføraren pkt. 8 vart vedteke med 6 røyster, 1 røysta mot (1Krf) (nytt pkt 9).
Framlegget frå Per Gunnar Hammer pkt 2 vart samrøystes vedteke, pkt 9 i tilrådinga frå ordføraren fekk ingen røyster og fall (nytt pkt 10).
Tilrådinga frå ordføraren pkt. 10 vart samrøystes vedteke (nytt pkt 11).
Tilrådinga frå ordføraren pkt. 11 vart samrøystes vedteke (nytt pkt 12).
Framlegget frå Anna Skogseth Gagnon vart samrøystes vedteke (nytt pkt 13).
Tilrådinga frå ordføraren pkt. 12 vart samrøystes vedteke (nytt pkt 14).

FS-020/13 VEDTAK:

Formannskapet i Jondal tilrår konsesjon som omsøkt for bygging av 7 kraftverk på vilkår av at:

- 1. Det vert før utbygging laga ein avtale for vassforsyninga i anleggsperioden i Brattabøelvi, Grimeelvi, Tveddal og Breisete der det er vassverk knytt til elvane.*
- 2. Ved Breisete kraftverk, Brattabøelvi, Krossdalselvi og Vassendeelvi kraftverk er det hytter og bustader i nærleiken. Det må setjast krav om støyskjerming.*
- 3. Det vert sett som vilkår at Jondal kommune ikkje vert pålagd ekstra utgifter som følge av utbyggingane.*
- 4. Det vert lagt fram plan som viser korleis anleggsdrifta er tenkt gjennomført i høve til skånsemd overfor naturen, estetikk og kulturlandskapet i områda som vert råka.*
- 5. I Vassendelvi og Grimeelvi bør setjast krav om høgare minstevassføring enn omsøkt.*
- 6. Regulering av Vassendevatnet fører til store negative konsekvensar for friluft og ferdseil og skal ikkje tillatast.*
- 7. Som ein del av konsesjonsvilkåra vert det teke høgde for korrigierende/avbøtande tiltak etter at anleggsdrifta er gjennomført, dersom det viser seg at tiltaket likevel vil få merkbar uheldige konsekvensar for det biologiske mangfaldet langs elvane.*
- 8. Det må vurderast korleis ein gjennom tiltaka kan bidra til å fremja friluftsliv i områda som vert omfatta av utbygging.*
- 9. Vegen frå Fylkesveg 105 til den felles kraftstasjon for Krossdal og Vassendelvi må rustast opp til å tåle 10 tonn akseltrykk.*
- 10. Frårår utbygging alternativ 1 i Tveddal for å ta vare på stølsmiljøet.*
- 11. Det bør ikkje lagast permanent veg til inntaket på Breisete kraftverk.*
- 12. Inntaket i Krossdalselvi ved Lauvbrua bør få ei plassering og utforming av inntaket som ikkje må føra med seg auka grunnvasstand, auka fare for flaum eller ha andre negative verknader for landbruket.*
- 13. Sævarhagen kraftverk må sikra oppgangssaga nok vatn til drift og utvikling.*

- 14. Høyringsfristen har vore kort og lagt til ei tid som vanskeleggjer politisk handsaming.
Dersom nye opplysningar kjem fram i tida fram til, eller under synfaringa, ynskjer Jondal
kommune å koma med utfyllande uttale på dette tidspunktet.*